

Kyrkjelydsblad

for


Arna

NR. 1

JANUAR 1997


30. ÅRG.

Takvam kapell i vinterdrakt



Lat oss vedkjennast vår heilage tru

Av Sokneprest i Osterøy, Per Inge Eide



Denne oppmodinga møter vi i kvar gudsteneste. Og alle reiser seg når truvedkjenninga lyder. Mange er det og som tar orda i munnen og seier dei fram. Det er trusstyrkande å høyre vedkjenninga frå dei som står ved sida. Og det gjer godt å få blande si eiga røyst med deira. Ikkje minst er det godt for presten å høyre at kyrkjelyden er med i ei samstemt vedkjenning av vår heilage tru.

Men kvifor er det ikkje fleire som vedkjenner trua?

Eg vonar det er langt fleire enn vi til vanleg reknar med, som har kristen-trua i sitt hjarte. Der er så mange som ber til Jesus og trøystar seg til han. Trua sit djupt i sinnet som eit spirande frø. Men ofte synest «jord-skorpa» for hard til å trenge gjennom. Planten får ikkje kome opp i

lyset. Trua må for all del haldast skjult.

Eit slikt skjult trusliv er unaturleg. Livet vil opp i lyset. Trua vil ikkje berre vere i hjarta. Ho vil opp i munnen. Kristen-trua vil vedkjennast. Her er det sjølve kristenlivet det står om. Det må ikkje teiast i hel!

«For sannar du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjarta ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du verta frelst.» Rom. 10,9.


Å seie fram truvedkjenninga saman med dei andre i gudstenesta er ein fin måte å vedkjenne på. Der finn ei spirande og veik tru si rette støtte. Og Ordet og Anden gjev ny kraft til å sanne med munnen at Jesus er Herre også i kvardagen. Verknaden av det er større enn nokon kan mæle. Kanskje di vedkjenning kan lokka trua opp til overflata også hos andre?

Bryt «lydmuren» –!

Lat oss vedkjennast vår heilage tru!

Rolf Kjøde vikarprest i Arna

Intervju ved Trygve Johansen



Fra nyttårsskiftet av er Rolf Kjøde begynt som vikarprest i Arna i en 20% stilling. I praksis vil det si at han først og fremst skal forrette gudstjenester her hos oss, men i tillegg til dette skal han også ha noen andakter og noe konfirmantundervisning. Vikarprest Rolf Kjøde skal være her til utgangen av juni 97, men vi regner med at denne ekstra 20% stillingen vil fortsette her i Arna til menigheten har fått sin faste tredje prest.

Prioriteringslisten for nye prester i Bjørgvin bispedømme er følgende: 1) Storetvedt, 2) Manger og 3) Arna.

Rolf Kjøde forteller til Kyrkjelydsbladet at han er født i Ålesund, men kom til Bergen da han var tre år. Han har dessuten kone som er fra Ålesund og de har to barn på henholdsvis 12 og 14 år. Familien har kjøpt hus og bor på Bildøy i Fiell i et nytt boligområde.

Rolf Kjøde er utdannet teolog fra Menighetsfakultetet, men han tok eksamen i kristendom mellomfag på Norsk Lærerakademi før han reiste til Oslo for å gjøre seg ferdig med sin presteutdannelse. I 1987 var han feltprest på Sandum. Deretter i 1988 begynte han som lærer ved Bibelskulen på Bildøy, og der fikk han ansvar for den nye bymisjonslinjen. På denne linjen

får studentene undervisning i evangelisering, fellesskapsbygging og diakoni. Ved siden av undervisningen har studentene praksis. De har hatt menighetspraksis i Loddefjord, Sælen og Bergen Indremisjon. Da undertegnede var prest i Sælen, hadde jeg gleden av å samarbeide med Rolf Kjøde når det gjaldt menighetspraksis i Sælen menighet for studentene. Kyrkjelydsbladet spurte også Rolf Kjøde om han kunne si litt om sitt teologiske ståsted, og han forteller at han regner seg som konservativ i teologien, liberal i arbeidsformene og radikal i etterfølgelsen.

Vi har også spurt Rolf Kjøde om hvilke forventninger han har til Arna menighet, og han sier at han er glad i å forkynne. Han har kall til å være forkynner. Han ser også fremover til å få komme i kontakt med konfirmantene i Ytre Arna hvor han skal ha sin konfirmantundervisning.

Kyrkjelydsbladet takker vikarprest Rolf Kjøde for samtalen og ønsker han velkommen til Arna. Vi håper han får et fint semester her hos oss. Til høsten begynner han som studentprest i Studentlaget.

Julekveld i Kyrkjelydshuset

Julen er en tid da en gjerne vil være sammen med familien. Men slett ikke alle kan det. Derfor føler mange seg ensomme nettopp i den høytiden. Da er det godt at noen ser det som en oppgave å glede andre.

Litt før jul kom det invitasjon fra Osland til å feire julekvelden i Kyrkjelydshuset. Det var nettopp til dem som ønsket å få noen å feire jul sammen med fordi de følte seg ensomme. Det var bare å melde seg på. Dette var noe nytt her i Arna.

Kanskje derfor ble ikke påmeldingen så stor som en kunne ha ventet. Men vi ble dog en (ganske fin!) liten flokk som møttes i Kyrkjelydshuset den kvelden. Rimeligvis var de fleste eldre og mesteparten kvinner. Men det forhindret ikke at vi fikk det veldig kjekt sammen.

Osland ønsket velkommen og fikk oss til å føle oss vel fra første stund.

Det var ikke bare kjente vi traff. Men vi gjorde som Ivar Aasen når han «ukjende folk fekk å sjå, spurde han dei radt kvar dei var ifrå». Det var ikke vanskelig å bli kjent. Språket kunne vi, og ingen så farlig ut.

Underholdningen var god. Pastor i Misjonsmenigheten, Viggo Clausen, holdt en gild andakt, og han og Liv

Svanhild Osland sang duett. Men en slik kveld spiller nok maten en stor rolle.

Maten var både god og rikelig – ordentlig julemat. Vi fikk pinnekjøtt med tilbehør og riskrem til dessert.

Selvfølgelig ble det anledning til gang rundt juletreet for dem som ønsket det. Vi fikk rikelig tid til å prate sammen. Der var sang og musikk, litt konkurranse o.lign., i det hele tatt et meget variert program. Kaffi og bløtkaker manglet ikke. Alle fikk vi julepresanger. Vi riktiggjort storkoste oss. Jeg hørte flere si at blir dette gjentatt, vil de komme igjen neste gang og.

Ved 23-tiden brøt vi opp. Alle som ikke ble hentet, ble nå kjørt hjem. På vegne av oss som fikk være med på dette, vil jeg takke Osland og hans hjelpere for det de gjorde for oss den kvelden. Vi er klar over at dere hadde mye strev, men vi håper dere får det igjen i velsignelse.

Ragnhild Rein

Komiteén vil på denne måten få lov å takke alle som var med på å gjera denne julefeiringa mogeleg. Takk til enkeltpersonar, firma, lag og organisasjonar som har vore med å støtta oss, og vi seier vel møtt komande jul til ny fest.



Grønne forvaltere

Av Trygve Johansen

En av frontfigurene i miljøbevegelsen

«Framtiden i våre hender»

hevder at det er bare et miljøsjokk som kan snu vår hang til å omgi oss med stadig flere materielle goder. Etter mange år som forkjemper for en bærekraftig utvikling har han som idealist begynt å tvile på om forbrukermennesket lar seg snakke til fornuft. Han begrunner sitt synspunkt med at både politikere og velgere legger fortsatt opp til en bratt velstandøkning, og derfor frykter han at det er bare en katastrofe som kan snu utviklingen. Han håper bare at advarselen kommer i form av «snille» katastrofer som ikke er uopprettelige. Dette budskap er dystert og det virker skremmende på oss.

Vi er alle enige om at miljøet må reddes, men spørsmålet er hvem som skal redde det. Hvor enkelt det enn høres ut, så mener jeg at det er barnet vi må sette vårt håp til. Et nyfødt barn er den største ressurs vi har. Barnet er pålitelig og ser mye bedre enn oss voksne, fordi sansene er friske. Undersøkelser viser at barnets sanseapparat er langt skarpere enn vi voksne har regnet med. Barnet er ikke naivt og uvitende. Når foreldrene står med et nyfødt barn i armene, så vet de at dette barnet skal føre livet på jorden videre. Men inntil det skjer, så påtar foreldrene seg ansvar for barnets framtid. Barnet kan i forbrukersamfunnets redning.

vi har alle vært barn, og barnet finnes fortsatt i oss alle. Vi kan egentlig ikke legge barndomen bak oss, for barn er ikke bare noe vi har vært, men det er noe vi er livet igjennom. Barnet lever i oss fra fødsel til død, og derfor skal vi lytte til de signaler barnet i oss framkaller i vår bevissthet. Selv om disse signalene kan oppfattes som ubehagelige sannheter, så skal vi likevel gi dem oppmerksomhet. Barnet i oss er opptatt av de viktigste behov og ikke av de gunstige behov. Signalene fra barnet i oss og barna rundt oss er entydige; Livet på jorden må føres videre!

Vi kan ikke lenger oppføre oss som om vi er den siste generasjonen med en framtid her i verden. Muligheten for en katastrofal utvikling for vår planet er stor nok grunn til at vi må endre vårt gule forbrukersamfunn. Dypest sett ligger framtiden i Guds hender, men i denne forbindelse ligger den også i våre hender. De valg som vi i dag foretar i vårt forbrukersamfunn, får avgjørende konsekvenser for våre etterkommere.

I Skriften ser vi at Gud i sin godhet har så høye tanker om mennesket at han har betrodd det å være forvaltere av sin eiendom. Forvalteren har sin fulmakt fra Gud, og forvalteren skal handle på sin herres vegne. Det er tillit mellom forvalteren og forvalterens herre. Når forvaltergjerningen er slutt, så skal forvalteren avlegge regnskap for sitt verv. Men før det skjer, så trenger forvalteren stadig å minnes om sitt ansvar for å mestre sin oppgave på beste måte.

Forholdet mellom forvalteren og hans herre skal være preget av troskap, mens forholdet mellom forvalteren og hans oppgave skal preges av klokskap. Forvalteren har ikke fått spesifiserte forskrifter å forholde seg til, så derfor må han bruke sin klokskap når han opptrer som forvalter. Det kreves et våkent øye. Forvalteren skal gripe de muligheter som byr seg og utnytte dem. Klokskapen består i å få øyne på mulighetene og ikke la dem gå til spille. I kontrast til det gule forbrukersamfunnet ønsker vi å framheve den grønne forvalter, som gjør sin gjerning på Guds grønne jord. I vårt forbrukersamfunn skal vi få være grønne forvaltere. Med det mener jeg at vi må la de grønne verdiene få komme fram. Vi kan ikke lenger forbruke jordens ressurser ubegrenset, men ressursene må brukes på en slik måte at de også kommer våre barn og barnebarn til gode. Det høres så selvsagt ut, men hvorfor er det likevel ikke det i praksis? Tenk grønt, for det gjør også barnet!

Arbeid for nytt orgel i Arna kyrkje

Det er ikkje så reint få menneske som i løpet av eit år er innom Arna kyrkje til gudsteneste, i gravferd eller bryllaup. Ved alle desse høva er det organisten som står for nesten all musikken ved å spele på kyrkja sitt orgel. I vår noverande kyrkjeordning heiter det at orgelet skal lyda til Guds ære og «hjelpa oss med å tilbe Herren og å syngja for kvarandre om hans store gjerningar.» Dette er i sanning ei stor oppgåve som den som skal betjene orgelet må nærma seg med respekt. Men dette stiller også krav til instrumentet som fins i kyrkjerommet.

Det noverande orgelet i Arna kyrkje stod ferdig i 1955, dvs. heilt ferdig har det aldri vorte. Framleis manglar fleire stemmer som etter alt å døma skulle verta sette inn etter kvart. Den som pr. i dag har fast teneste som organist i kyrkja har måtta ta fleire turar inn i orgelet for å dra ut piper som hylar konstant. Elektronikken i spelepulten, som er meint å gjera livet lettare for organisten, er blitt ei nervepåkjenning for den som spelar. På grunn av slike elektriske feil har fleire viktige stemmer vorte stumme det siste året og det vert stadig vanskelegare for organisten å kombinera klangane. I tillegg kjem at ein stor del av pipe-materialet er av dårleg kvalitet og



Organist Jostein Aarvik.

ikkje let seg stemma. Dermed vert orgelet falskt. Orgelet i Arna kyrkje er bygd etter idear og prinsipp som alt i 1955 var til dels forelda, og instrumentet tilfredsstillende korkje i utforming eller kvalitet dei krava som dagens bruk stiller.

I september 1996 byrja Orgelnemnda for Arna kyrkje arbeidet sitt. Nemnda er sett ned av Arna sokneråd og skal fyrst og fremst vera orgelsaka si adresse og halda auga med framgangen i arbeidet i offentlege organ samt spreie informasjon og skape interesse for orgelsaka i lokalsamfunnet. Med i nemnda er organist Jostein Aarvik, sokneprest Kjell Nese, Audun Møllerup Boge, Trine Daviknes, Asbjørn Solberg og Olav Opheim. Ei viktig oppgåve for nemnda og

kyrkjelyden vert å samla inn økonomiske midlar til det nye orgelet. Eit nytt instrument i tenleg storleik for kyrkjerommet i Arna vil kosta omlag 4 millionar kroner. Både Arna Sokneråd og orgelnemnda er klare over at planane om eit nytt orgel ikkje vil lata seg realisera innan rimeleg tid utan at det vert samla inn pengar lokalt. Erfaring viser at ventetida for tildeling av midlar frå Bergen Kommune langt vil overstiga levetida til det noverande orgelet.

Orgelnemnda vonar på pengegåver frå private og frå næringslivet. Det vil også verta skipa til konsertar til inntekt for orgelsaka, og nemnda arbeidar med fleire originale idear om korleis midlar kan skaffast.

Kyrkjemusikalsk råd v/ domkantor Magnar Mangersnes støttar fullt opp under arbeidet fram mot nytt orgel i Arna kyrkje og har uttalt at jo meir midlar som vert skaffa lokalt, jo meir forpliktar dette dei bevilgande styresmakter til å få fortgang i saka. Orgelnemnda tek med takk imot gåver!

Jostein Aarvik
organist i Arna kyrkje,
leiar av orgelnemnda

Orgelnemnda for Arna kyrkje
v/kasserar Olav Opheim
Rognehaugen 11
5260 Indre Arna
Bankkontonr. 6524 56 04674

Fasteaksjonen og fastebøsser

Fastebøssene er lagt inn i dette nr. av kyrkjelydsbladet.

Fasteavlavenssøndag kjem alt 9. februar. Neste nr. av kyrkjelydsbladet kjem ikkje før uti mars, eller like før påske.

Tak vare på bøssa. Tanken er at den skal stå framme i fastetida. Så kan ein leggja litt i den gjennom

fastetida. Slik kan vi synleggjera i heimen, det ansvaret vi har for å dela litt av vår velstand med menneske i naud, og dei gode vilkår vi har for å yta slik hjelp. Ikkje minst for borna og ungdomen er det viktig å synleggjera dette i fastetida. Som kjent går pengane til Kirkens Nødhjelp.

Dør-til dør aksjon tysdag 18. mars

Konfirmantane kjem på dørene og samlar bøssene inn den 18. mars. Det vert som tidlegare med inn-

samlingsbøsser. Dette kjem vi attende til i marsnummeret av kyrkjelydsbladet.

Store gaver til Arna kyrkjelyd

Arna kyrkjelyd har mottatt store penge-gåver frå Nils K. Seim og Odd Seim sitt minne ved Inger Seim. Til saman er pengegåvene på 250.000 kr.

For pengegåva frå Nils K. Seim sitt minne har Arna kyrkje fått ny kyrjeklokke. Den nye klokka veg 200 kg og er laga slik at ho kling fint saman med den store klokka i kyrkja frå 1865. På den nye klokka er det skriva inn fylgjande: Gåve frå Nils K. Seim sitt minne. «Tona om frelsa, kalla og helsa, kalla og helsa med fred Guds born.»

Olse Neuen Klokkestøberi A/S. Begge dei store klokkene i kyrkja er no kopla til det automatiserte ringeanlegget i kyrkja. Den vesle klokka som har hange i tårnet, er no tatt bort. Denne klokka vil bli sett opp i ein takstol rett bak organistpulten. Det er meininga å bruka denne klokka til dei 3x3 klokkeslaga.




Biletkunstnaren Arne Mæland og Inger Seim. Foto: Jon Tesdal.

For pengegåva frå Odd Seim sitt minne har kyrkja fått nye tekstilar på preikestol og lesepult, samt ny, kvit messehakel. Inger Johanne Rasmussen har stått for teikning/formgjeving av både tekstilane og messehakelen. Marta Kløve Juuhl har stått for utføring og montering saman med Eli Danielsen.

Pengegåva frå Odd Seim sitt minne har og gjeve kyrkjelyden høve til å få kunstferdig utsmykking i kyrkjelydshuset. Brukskunstnaren Arne Mæland har laga denne utsmykkinga.

Kaare og Ingrid Hope har gjeve kyrkja



Sokneprest Kjell Nese iført den nye kvite messehakelen.



Det nye prosesjonskors i bruk etter ei gudsteneste.

eit prosesjonskors. Også dette er laga av brukskunstnaren Arne Mæland. Frå ein anonym gjevar har kyrkjelyden motteke 50.000 kr. Kva desse pengane skal nyttast til, er enno ikkje bestemt. Arna kyrkjelyd er svært takksam for dei store gåvene som er gitt til kyrkjelyden. Samband med ei gudsteneste før jul vart det markert at kyrkjelyden har motteke desse store gåvene.

Harald Haugsvær

Fast vikar i vårhalvåret

Bjergvin bispedømeråd har engasjert Rolf Kjøde til fast vikar i Arna prestegjeld i 1. halvår -97 i 20% stilling. Som ein vil sjå av gudstenestelista vil det meste av arbeidet hans i Arna i denne tida vera å gjera teneste ved Gudstenestene. Dette tyder at vi får ein fast vikar for den søndagen i kvartalet då prestane har frisdag, og for dei søndagane prosten er engasjert andre stader i prostiet. Dessutan vert det nokre ekstra frisdagar for prestane. I tillegg til Gudstenestene vil Rolf Kjøde ha ein del andre oppdrag i Arna.

Vi er svært takksame for denne ordninga. Det sparer oss for mykje administrasjon. Det er slett ikkje like enkelt å få tak i vikar for ein-skildtenester. Så vert kyrkjelyden godt kjent med vikaren. Han får kjennskap og vennskap med kyrkjelyden. Vi ynskjer Rolf Kjøde hjarteleg velkomen til Arna, og er viss på at han vert godt motteken av alle.

K.N.

Barne- og ungdomsarbeidar i Arna

I Arna kyrkjelyd har vi ei tid prøvd å samle midlar til ein fast medarbeidar i barne- og ungdomsarbeidet. Planen er å få ein fast tilsett i ca. halv stilling til å arbeida med dåpsopplæringsplanen og vera leiar i ungdomsarbeidet. Det er ikkje utarbeidd korkje instruks eller eit fast opplegg for å sikre finansieringa, men ein har nå så mykje midlar oppspart at ein kan gå litt vidare. På sikt vonar ein mange vil vera med i ei fast givarteneste for å sikre den økonomiske sida ved ei slik stilling.

Soknerådet ser seg nå om etter den rette personen. Vedkomande må ha kompetanse til å driva dåpsopplæring, møte konfirmantar og vera ungdomsleiar. Er det nokon som kjenner seg kalla til ei slik teneste i Arna, og har erfaring i slikt arbeid, er ein interessert å koma i kontakt med vedkomande. Om det er nokon som har kjennskap til ein aktuell medarbeidar på dette området er ein takksam om ein tek kontakt med kyrkjekontoret i Arna tlf. 55 24 04 00. Dette er ei uforpliktande orientering om ein plan som Arna sokneråd har hatt til drøfting i lengre tid.

K.N.

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf.: 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39. Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.


Takvam søndagsskule

Takvam søndagsskule har fylgt

Takvam kapell sidan det vart bygd i 1926. Dei første 30 åra heitte s.skulen Herland s.skule, for han vart skipa i heimen til Birgit og Ole Herland i 1924. Da Birgit og Ole måtte gje seg i midten av 50-åra, vart det eit opphald til i slutten av 60-åra. Så vart det meir sporadisk nokre år, men da

kapellet vart restaurert i 1976, vart det fast søndagsskule igjen. Det blir sendt ut halvårsprogram til alle heimar som har born i søndagsskulealderen. Foreldra er svært flinke til å støtte opp både med skyss og på samvær. Det skal foreldra ha hjarteleg takk for. Eg vonar at vi også i 1997 vil få mange gilde søndagsskulesamvær.

Klara Ulveseter leia



Ein del av flokken 1996. Foto: Geir Takvam.

Ungdomens høgmesser

I første halvår av 1997 vert det to ungdomens høgmesser i Arna kyrkje. **Det vert den 9. feb. og den 13. april.** Vi har hatt eit par slike gudstenester tidlegare. Dette er gudstenester på søndag til vanleg tid kl. 11.00 der ungdomen er med og tek del på ymse vis. Gudstenestene vert planlagt i samråd med dei, og dei tek ansvar for delar av høgmessa. Dette gjeld salmevalet, forbønsdelen, tekstlesing, det kan vera vitnemål, korinnslag osv. I det heile er «Ung messe» gudstenester der unge er

svært synlege og pregar det heile. Vi vonar mange konfirmantar og unge merkar seg desse søndagane på formiddag. Ikkje minst oppmodar vi foreldre og pårørande til å vera med. Sjølv sagt ynskjer vi mannjamt fram møte på alle gudstenester. Det er særleg kjekt med godt fram møte når ungdomen tek ansvar og er med.

Etter gudstenestene har ungdomane ansvaret for kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

NMS leirar

Bergen krins av Det Norske Misjonsselskap har lang tradisjon for leir med eit tilsnitt av misjon. Den mest nytta leirstaden vår, Kvamsseter, ligg i naturskjønne omgivnader, og kan by på til dømes skogsturar, kanopadling og fotball om sommaren og hausten, og skiturar, alpint og aking om vinteren. Innemiljøet er hyggelig og standarden høg. Leirstaden har mellom anna peise-stove, bordtennis og eige kapell.

Skiweekend, 21.-25. febr.
Alder: 13-18 år.

Nettverksleir, 27. febr. - 2. mars
Alder: 18 år og eldre

Horisontleir i påsken, 21.-24. mars
Alder: 4.-7. kl.

Påskeleir for familier, 26.-30. mars

Meir informasjon om desse leirane finst i vinterbrosjyra vår, som kan tingast frå Bergen Krins av Det Norske Misjonsselskap, Vestre Muralmenning 15, 5011 BERGEN, på telefon 55 31 00 61 eller på fax 55 31 08 06.

KIRKENS SOS TRENGER NYE TELEFONVAKTER TIL DAG, KVELDS- OG NATTEVAKT:



Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Vi trenger alminnelige mennesker som kan lytte.

Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvellers innføringskurs. Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.

Er du interessert?
Kontakt oss snarest.
Tlf. 55 32 58 45, mand.-fred. på dagtid.

Alphakurs i Arna

Kyrkjelydane i Arna og bedehuslaga på Tunes, Indre Arna og Betania går saman om å skipa til Alphakurs i Arna. Kurset går over ti tisdagskveldar, og første kvelden er tysdag 4. februar. Alphakurset inneheld undervisning om sentrale emne i den kristne trua, ein open samtale i mindre grupper og mykje sosialt fellesskap der ein vert godt kjent med kvarandre. Det er matøktar i lag, ein weekend saman, ein skikkeleg fest m.m.. Det vert ikkje ført liste over fram møte kvar gong. Ein kan koma dei gongene det høver. Vi trur det er mange i Arna som vil ha stor nytte av å vera med på eit slikt kurs der ein kan møte menneske og samtale

om kristne spørsmål og emne. Ikkje minst gjeld dette dåpsforeldre, konfirmantforeldre, men elles alle som kjenner på at ein gjerne skulle få sett ord på tankane sine om kriterietrua. Dette inviterer vi til i eit trygt fellesskap. Den som er interessert kan ta kontakt med kyrkjekontoret Indre Arna, tlf. 55 24 04 00 eller Asbjørg Bildøy tlf. 55 24 08 63. Vi vil gjerne ha påmelding innan fredag 31. jan. Om ein har hug å vera med, men ikkje har fått ordna med påmelding så er ein velkommen likevel i Arna kyrkjelydshus 4. februar kl. 19.00.

K.N.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 01.12: Vilde Haugland, Marie Prestegård, Erik Langeland Vågenes.
08.12: Mathilde Roe, døpt i Trengerid kapell.
05.12: Karianne Victoria Håkonsen.
26.12: Kierra Ripmann, Andre Kristopher Ripman, Irene Henriksbø, Renate Bråthen Martinsen.
29.12: Karina Årdalsbakke Mjeldheim, Cathrine Tømt Reigstad, Jakob Christopher Brusdal Hegna, Eirik Lauvås Skutlaberg, Anders Håøy Roknøy.
05.01: 97: Thomas Hollekve Paulsen.
12.01: Kari Elisabeth Takvam Justad, døpt i Takvam kapell.

Ytre Arna sokn:

- 01.12: Mathias Andersen, Sander Halland Waage, Marius Haukås Nordøen.



Vigde:

Arna sokn:

- 21.12: Bjørn Holgersnes og Gerd Wenche Skogseide.

Ytre Arna sokn:

- 14.12: Edmund Giskeødegård og Elisabeth Askeland Hanstveit. Vigde i Giske kyrkje.

† Døde:

Arna sokn:

- 10.12: Nils Lohne, f. 1919
12.12: Gunvald Ingebrigtsen, f. 1932
14.12: Anna Mjeldheim, f. 1904
14.12: Kristi Dale, gravferd Voss, f. 1921
21.12: Nils Olai Romslo, f. 1906

- 26.12: Kari Garnes, f. 1913
28.12: Otto Georg Stephansen, f. 1919
01.01: 97: Klara Marie Tunestveit, f. 1926
07.01: Sigrunn Telstø, f. 1931
Ytre Arna sokn:
29.11: Arne Endresen, f. 1928
14.12: Sigmund Langeland, f. 1912
16.12: Inga Askeland, f. 1915
19.12: Haldis Brunsvik, f. 1909
27.12: Ragnvald Myren, f. 1919
02.01: 97: Magnus Halland, f. 1917

Ofringar:

Arna sokn:

- 01.12: Barne- og Ungd.prosjekt. kr. 2876,-
01.12: Zairehjelpen kr. 3615,-
08.12: Keryx kr. 3392,-
15.12: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2220,-
22.12: Nattkafeen kr. 2480,-
24.12: Kirkens Nødhjelp kl. 12.00 kr. 4569,-
24.12: Kirkens Nødhjelp kl. 14.00 kr. 4102,-
24.12: Kirkens Nødhjelp kl. 15.15 kr. 9674,-
24.12: Diakonitvalget kl. 16.30 kr. 4246,-
25.12: NMS kr. 7055,-
26.12: Norsk misjon i øst kr. 1944,-
29.12: Kristent arbeid bl. blinde kr. 3075,-
01.01.97: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2075,-
05.01: Misjonsprosjekt for NMS kr. 5823,-
12.01: Barne- og Ungd.prosjekt. kr. 2213,-
Ytre Arna sokn:
01.12: Institutt for kr. oppseding kr. 1812,-
08.12: Konfirmantarbeidet kr. 1386,-
15.12: N. Kr. stud. og sk.ungd. kr. 915,-
22.12: Diakonihøgskulen kr. 970,-
24.12: Kirkens Nødhjelp kr. 8615,-
25.12: Misjonsselskapet kr. 1650,-
29.12: Dronning Mauds Minne kr. 510,-
01.01: Kyrkjelyds huset kr. 1033,-
05.01: Kyrkjelyds huset kr. 725,-
12.01: Kyrkjelyds huset kr. 650,-

Kyrkjeskys

Haukeland/Unneland

2. februar:

Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08

9. februar:

Jens Hauge tlf. 55 24 01 43

16. februar:

Nils Minde tlf. 55 24 01 54

23. februar:

Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15

2. mars:

Oddmund Skjoldal . . . tlf. 55 24 29 05

9. mars:

Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05

Arnatveit og Indre Arna

2. februar:

Hollekve tlf. 55 24 23 45

9. februar:

Kaaresen tlf. 55 24 02 41

16. februar:

Kjos tlf. 55 24 17 82

23. februar:

Eide tlf. 55 24 15 15

2. mars:

Monstad tlf. 55 24 32 20

9. mars:

Håøy tlf. 55 24 03 26

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet kjem etter planen ut **5. mars**. Stoff til bladet kan leverast til kyrkjelydskontoret innan **18. februar**.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese

Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen

Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna

Jostein Aarvik
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen
Tlf. 55 31 48 06

Kontorfullmektig Arna

Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal

Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjjetenar Arna

Svein Mjelde
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland
Tlf. 55 24 28 71

Organist Ytre Arna

Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5090 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna

Benthe Veve Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjjetenar Ytre Arna

Sølvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet

BYRÅ Kommer også hjem for samtale.
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



KIRKENS SOS

Treng du nokon å snakka med?

Ring 55 32 32 00
frå klokka 19 til 07 alle dagar
eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere


Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41

Erik Stephansen
trafikkskole

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95



5260 Indre Arna

Frødis
SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna

Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og samlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale
storbank
i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.



Ur og Gullsmed
5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennor,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes

Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 02.02:** *Kr. forkl.dag - Matt. 17,1-9*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Borna sin misjonsdag. Dåp. Takkoffer til Santalmisjonen.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Borna sin misjonsdag. Trygve Johansen og Misjonær Kari Vik Storhaug. Takkoffer til Den norske Santalmisjon.
- 09.02:** *Søndag før faste – Luk. 18, 31-43*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Ungdommens høgmesse. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjekt.
Ytre Arna kl. 11.00. Gudsteneste.
Takvam kl. 16.00. Kretssekr. Idar Simonsen.
- 12.02:** *Askeonsdag*
Arna kl. 20.00. Trygve Johansen. Nattverd.
- 16.02:** *1. s.i. faste - Matt. 4,1-11*
Arna kl. 11.00. Eldredag. Vikarprest Rolf Kjøde. Nattverd. Takkoffer til Orgelfond. Kyrjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. **Eldredag.** Nattverd.
- 18.02:** **Ytre Arna kl. 19.00.** Trygve Johansen.
Takvam kl. 19.30. Nese.
- 23.02:** *2. s.i. faste - Matt. 15, 21-28*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
Trengereid kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Vikarprest Rolf Kjøde. Takkoffer til Det norske Bibelselskap.
- 02.03:** *3.s.i. faste - Luk. 11, 14-23 (28)*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Konfirmantforeldremøte.
- 06.03:** **Betania kl. 19.30.** Kjell Nese. Nattverd.
- 09.03:** *4. s.i. faste - John. 6, 1-15.*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Kristenrussen.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd.